



Saksbehandlar: Synnøve Stalheim, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/7341-1

Regional planstrategi - status og framdrift på prioriterte planarbeid

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Vedteken framdrift for Strategisk plan for kysten vert endra. Planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn i januar/februar 2018, og med vedtak i fylkestinget i juni 2018.
2. Oppstart av arbeidet med ny Regional plan for arealbruk vert utsett til tidleg haust 2018. Det er her behov for ei nærmere avklaring når det gjeld føremål, innhald og avgrensning.
3. Vedteken framdrift for Regional plan for klimaomstilling vert endra. Planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn i februar/mars 2018, og med vedtak i fylkestinget i juni 2018.
4. Regional plan for verdiskaping og Strategi for senterstruktur er prioriterte planarbeid i perioden 2016-20. Desse er innlemma i den reviderte oversikta over prioriterte planarbeid.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Saka gir ei omtale av status og framdrift på dei prioriterte planarbeida i Regional planstrategi. For nokre av planane er det behov for å justere framdriftsplanen. Behovet for justeringar går fram av framlegg til tilråding frå fylkesrådmannen. Når det gjeld ambisjonsnivået samla for planperioden vurderer fylkesrådmannen dette til å ha vore noko høgt. Omfanget og tal planar er òg stort. Det vil vere behov for ein nærmere vurdering av dette i samband med utarbeiding av ny planstrategi.

2. Bakgrunn for saka

Regionale planar skal ligge til grunn for fylkeskommunal verksemd og er retningsgjevande for kommunal og statleg planlegging og verksemd i fylket. I Regional planstrategi (2016-20) er det fastsett kva regionale planar som skal utarbeidast og reviderast i perioden. Det er i planstrategien og sett føringar når det gjeld tidspunkt for oppstart, og framdrift av dei ulike planarbeida (jf. FT-sak 23/16). Figur 1. viser oversikt over kva som er vedteke i strategien. Til kvar regional plan er det i tillegg eit handlingsprogram for gjennomføring av planen. Handlingsprogramma til planane er i avgrensa grad omtala.

Ei nærmere vurdering av det regionale plansystemet samla sett er ikkje gjort i saka. Eg viser her til utale i samband med regionreforma (FU-sak 76/17) med innspel om ei meir forpliktande samfunnsplanlegging på regionalt nivå.

Fylkesrådmannen vil i denne saka orientere om status og framdrift for dei ulike planane. I tillegg er det behov for å justere framdriftsplanen for nokre av planarbeida. Det vert gitt ei noko meir utfyllande omtale av dei plan- og strategiarbeida som er under utarbeiding.

Oversikta under manglar to sentrale plan- og strategiarbeid; Regional plan for verdiskaping (2014-2025), og Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling. Begge er under utarbeiding.

Desse to er omtala i saka og vist i den reviderte oversikta over planarbeid, jf. figur 8. Omtalen av dei ulike planane er gitt etter rekkefølge vist i figur 1.

Plan	2016	2017	2018	2019	2020
Nye planar					
Strategisk plan for kysten					
Regional plan for arealbruk					
Regional plan for kultur					
Revidering/rulling					
Regional transportplan					
Regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv					
Regional plan for vassforvaltning					
Regional plan for klima og miljø					
Regional plan for folkehelse					

Fig. 1. Planar som skal utarbeidast, reviderast el. rullerast i perioden 2016-2020, jf. Regional planstrategi.

For andre regionale planar som ikkje er omtala i saka viser vi til «Evaluering av gjeldande planar og strategiar», vedlegg til regional planstrategi; http://www.sj.no/RPS_Evaluering.

Regionreforma og eventuelle endringar dette kan medføre er ikkje vurdert i saka.

3. Status og framdrift

Regional strategisk plan for kysten

Planarbeidet er noko forseinka, jf. sak 4/17 i planutvalet. Planprogrammet vart vedteke i november 2016. Endringar i innkjøpsregelverket gjorde at utlysing på kjøp av prosjektleartenester vart utsett til nyåret 2017. Norconsult AS fekk oppdraget, og prosjektleiar tok til i april. Ved årsskiftet 2016/ 17 pågjekk òg fleire andre større planprosessar som seinka framdrifta i dette planarbeidet, t.d. Regional transportplan og Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling.

Aktivitet	Apr-juni 2016	Juli-sept 2016	Okt-des 2016	Jan-mars 2017	Apr-juni 2017	Juli-sept 2017	Okt-des 2017
Utarbeiding av planprogram							
Vedtak om utlegging av planprogram	22. juni 2016						
Høyring av planprogram		Juli-sept					
Vedtak av planprogram			2. nov 2016				
Gjennomføre utgreiingar							
Utforme strategiar saman med kommunane							
Strategiplan på høyring						August-okt	
Vedtak av plan							FT i desember

Fig. 2. Framdriftsplan for Regional strategisk plan for kysten.

I planprogrammet er det lagt opp til brei medverknad med kommunane gjennom dialog i ei referansegruppe (administrativ), og ei strategigruppe (politisk). I tillegg er det etablert fire temagrupper; maritim, marint, samferdsle, og arealbruk og vern. Arbeidet med utforming av kunnskapsgrunnlaget til planen pågår, og vil halde fram til og med oktober. I dette arbeidet er referansegruppa mest involvert. Tida fram mot jul blir så brukt til utforming av strategiar og handlingsprogram. Då vil strategigruppa vere mest involvert, i tillegg òg planutvalet. Utforming av

kunnskapsgrunnlag og strategiar vil skje noko overlappande for å sikre framdrifta vidare. Det er viktig å sikre gode prosessar for medverknad når det gjeld strategiutforming.

Plantema med undertema er vedteke i planprogrammet og omhandlar; Bu og leve på kysten, Næringsane på kysten, Samferdsle, Natur og miljø, Beredskap og kriser. Plantemaa er omfattande, og det har vore krevjande å avgrense utgreiingane, og ut frå dette kunne skape gode strategiar. Det er eit mål at handlingsplanen skal innehalde det som er viktig for kysten, dvs. det vert lagt vekt på å sjå på det som skil seg frå dei generelle utfordringane for fylket. Planprogrammet legg i hovudsak opp til bruk av kjent kunnskap og tilfanget er stort frå ulike fylkeskommunale planprosessar, og andre kjelder.

Det vert tilrådd å endre vedteken framdriftsplan for Strategisk plan for kysten slik at planen vert lagt til offentleg ettersyn i januar/februar 2018, og med vedtak i fylkestinget i juni 2018.

Regional plan for arealbruk

I regional planstrategi står følgjande; «Fylket treng ein ny regional plan for arealbruk som møter behova for arealplanlegging mellom anna i kystsona (i hav og på land), utnytting av naturressursar (m.a. byggjeråstoff og mineral), friluftsføremål og for samordna areal- og transportplanlegging i og omkring tettstadane». I planstrategien er det bestemt oppstart av dette planarbeidet i 2018.

Gjeldande fylkesdelplan er frå år 2000. Til fylkesdelplanen er det knytt ei planføresegn «Regional planføresegn om handel og kjøpesenter». Planføresegna vart vedteken i fylkestinget i desember 2016 (sak 54/16), og er stadfesta av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 30.08.2017 (jf. Skriv og meldingar til FU 27.09.17). Fylkestinget sitt vedtak er slik; «Fylkestinget syner til at Fylkesdelplan for arealbruk (no regional plan) skal reviderast i 2018. Fylkestinget føreset at føresegna blir revidert på nytt i samband med dette, særleg med omsyn til ikkje å vere til hinder for større handelsetableringar i sentrumsområda også i andre tettstader enn Førde, Florø og Sogndal.

Det pågår no i fleire større plan- og strategiarbeid med innverknad for ein arealbruksplan; Regional plan for klimaomstilling, Regional plan for transport, Strategisk plan for kysten, og Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling. Det er behov for å sjå nærmare på samanhengen og føringane i desse planane sett opp mot kva som skal vere føremålet med ein fylkesdelplan for arealbruk. I tillegg er det behov for ei nærmare vurdering når det gjeld innhald og avgrensing på planarbeidet før det vert starta opp.

Det vil måtte arbeidast vidare med Regional plan for klimaomstilling, Strategisk plan for kysten, Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling og Regional plan for kultur også etter årsskiftet. Ut frå kapasitetsomsyn er det vanskeleg å starte opp dette planarbeidet før etter sommaren 2018.

Det er behov for ei nærmare avklaring når det gjeld føremål, innhald og avgrensing av ein framtidig Regional plan for arealbruk. I tillegg vert det tilrådd å utsetje oppstart av planarbeidet til tidleg haust 2018.

Regional plan for kultur

Regional plan for kultur skal avløyse Kulturstrategi for Sogn og Fjordane 2015-2018. Vidare er det føresett at vedteken festivalstrategi skal bli ein del av planen.

Planutvalet fastsette no i mai (sak 2/17) føringar og framdriftsplan for planarbeidet, jf. fig. 3. Framdrift i planarbeidet er i samsvar med dette.

Planprogrammet vert lagt ut på høyring no i september. Dette gjer greie formålet med planarbeidet, planprosess, opplegget for medverknad og rammer for planarbeidet.

Det er definert to hovudmål for planarbeidet:

- Det er eit mål at kulturfeltet skal bidra til å skape gode lokalsamfunn.

- Det er eit mål å vidareutvikle regionale, nasjonale og internasjonale kraftsenter/fyrtårn og å arbeide for å få etablert nye.

Mars/april 2017	Avklaring av prosess, organisering, medverknad, overordna tema, rolledeeling, m.m. Innleiande oppstart.
3. mai	Planutvalet - arbeidsdokument 1/17
April - september	Arbeide med kunnskapsgrunnlag for planarbeidet
April-september	Arbeide med utkast til planprogram. Gjennomføre forankrings-/drøftingsmøte (kommunane, kulturinstitusjonane, frivillig sektor, UPU, fylkesråda).
27. september	FU gjer vedtak om å sende planprogram på høyring.
Oktober - november	Planprogram på høyring. Høyringsfrist 1.desember Høyrings-/drøftingsmøte med partnarskapen, UPU, fylkesråda mv. Vidare arbeid med kunnskapsgrunnlaget
Januar 2018	Fylkesutvalet – endelig vedtak om planprogram
Januar - april	Vidare arbeid med kunnskapsgrunnlaget. Utarbeide forslag til regional plan for kultur
Mai	FU; vedtak om utlegging av forslag til regional plan til offentleg ettersyn.
Mai - august	Regional plan på høyring - inkludert høyringsmøte
1. september	Høyringsfrist
September	Bearbeide plan etter innspel
September	FU - tilråding til vedtak om regional plan
Oktober	Vedtak i fylkestinget

Fig. 3. Framdriftsplan for Regional plan for kultur.

Det er valt ut eit avgrensa tal kulturtema, med utgangspunkt i utfordringar i planstrategien. Strategiar og tiltak i kulturplanen skal bidra til å nå måla i regional planstrategi. Som plantema er det framlegg om to hovudtema;

- Kulturelle ressursar og verdiskaping
- Deltaking og oppleveling.

For meir utfyllande omtale vert det vist til eiga FU-sak til 27.09.

Regional plan for kultur heng tett saman med Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019 og Regional plan for folkehelse 2015-2025. Det bør i det vidare arbeidet vurderast å integrere desse planane i regional plan for kultur.

Planarbeidet er i samsvar med føringar i Regional planstrategi.

Regional transportplan (2018-2027)

Gjeldande plan er Regional transportplan 2014-2023, og handlingsprogram 2014-2017 (FT-sak 46/13).

Framdrift av planarbeidet med revisjon av planen er i samsvar med framdriftsplan i vedteke planprogram (jf. FU-sak 64/16), jf. fig. 4. I etterkant av dette vart det utarbeidd eit omfattande kunnskapsgrunnlag som grunnlag for planen. Arbeidet med dette tok tid og administrative ressursar. Planframlegg, inkludert handlingsprogram (2018-21) vart lagt på høyring i juni 2017 med høyringsfrist 30. september (FU-sak 69/17). Planen skal vedtakast i fylkestinget i desember 2017.

Plantema omfattar; Fylkesveg, Kollektivtrafikk, Trafikktrygging, Skredsikring, Næringstransport, og Statleg infrastruktur.

Sett opp mot planprogrammet er ambisjonsnivået når det gjeld medverknad ved utarbeiding av plan og handlingsprogram noko redusert for å halde framdrift i planarbeidet. Prosessen stettar krava i plan- og bygningslova.

Planarbeidet er i samsvar med føringar i Regional planstrategi.

	2016												2017												
	J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D	J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D	
Utarbeide planprogram	■	■	■	■																					
Vedtak om og utlegging off. ettersyn					■																				
Høyringskonferanse					■																				
Høyring og handsaming					■	■	■																		
Utarbeide RTP m/handlingsprogram						■	■	■	■	■	■	■													
Vedtak om utlegging av RTP til off. ettersyn													■							■					
Høyring og handsaming													■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	
Sakshandsførebuing													■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	
Høyringsmøte RTP																				■					
Vedtak fylkesting																								■	

Fig. 4. Framdriftsplan for Regional transport.

Regional plan for vassforvaltning (2016-2021)

Planen vart vedteken i fylkestinget i 2015 (FT-sak 63/15). Til vassforvaltningsplanen er òg eit Handlingsprogram (2016-2018), og eit Tiltaksprogram for Sogn og Fjordane vassregion (2016-2021). Planen og tiltaksprogrammet skal rullerast kvart 6. år jf. vassforskrifta, og vert revidert i planperioden 2016-2021.

Målet med vassforvaltningsplanen er sikre ei heilheitleg beskytting og berekraftig bruk av vassførekostane. Forvaltningsplanen er sektorovergripande og skal styre og samordne vassforvaltninga og arealbruken på tvers av kommunegrensene.

Planarbeidet er i samsvar med føringar i Regional planstrategi.

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2016-2019)

Gjeldande Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vart vedteken i fylkestinget i 2013 (FT- sak 49/9), og forlenga med to år i 2015 (FT-sak 55/15). Handlingsprogrammet til planen vert rullert no i 2017, jf. sak PU-sak 5/17. I planstrategien er det lagt opp til å revidere planen, med oppstart av revisjon i 2018.

Til orientering pågår det elles ei kartlegging og verdisetting av friluftsområde i mange av kommunane i fylke. Det er eit mål at alle kommunane skal ha gjennomført kartlegginga innan utgangen av 2018. Kartleggingsarbeidet er viktig både når det gjeld arealplanlegging, men òg utviklingsarbeid innan friluftsliv generelt. Miljødirektoratet har løyvd midlar til satsinga og Forum for Natur og friluftsliv er leidt inn til bistå kommunane i arbeidet.

Viser elles til omtale under Regional plan for kultur for eventuell integrering av Regional plan for kultur, Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og Regional plan for folkehelse.

Planlagt oppstart for revisjon av planen i Regional planstrategi er 2018.

Regional plan for klimaomstilling

Gjeldande plan er Regional plan for klima og miljø 2009 (FT- sak 13/9), og Handlingsprogram 2016-2017 (FT-sak 58/15).

Framdrifta i arbeidet med revisjon av klimaomstillingsplanen er ikkje i samsvar med framdriftsplan i vedteke planprogram (jf. FU sak 3/17), jf. fig 5. Det var lagt opp til at arbeidet med klima-omstillingsplanen og Regional transportplan skulle gå parallelt. Det viste seg å vere krevjande å ha desse planprosessane parallelt. I tillegg har det vore skifte av klimakoordinator.

Utarbeiding av kunnskapsgrunnlaget til planen er ferdig no i månadsskifte august-september. Planarbeidet er overordna og tverrfagleg. Det er viktig å sikre god forankring, medverknad og deltaking. Det vert for knapp tid til å få utarbeidd plan, og å gjennomføre høyring hausten 2017.

Arbeid	Vår-sommar 2016	Aug - okt. 2016	Nov-des. 2016	jan.16	Vår 2017	Haust 2017	des.17
Drøfte rammene for planprogrammet	22.06.16						
Møter og utforming av planprogram							
Planprogram ut på høyring			FU: 02.11.2016				
Vedtak planprogram				FU 25.01.2017			
Utforming av plan og handlingsprogram							
Høyring av plan med handlingsprogram						FU: 15.08-10.10.2017	
Vedtak plan m/handlingsprogram							FU/FT

Fig. 5. Framdriftsplan for Regional plan for klimaomstilling.

Plantema er gitt i planprogrammet og omfattar; Energiforsyning og energibruk i bygg, Areal og transport, Næringsliv og teknologi, Klimavenleg landbruk, Klimatilpassing, Forbruk, og klimakunnskap og klimakommunikasjon. Plantema er meir spissa og med færre tema enn gjeldande klimaplan. Det er ønskjeleg å oppretthalde ambisjonsnivå både når det gjeld tema, deltaking og medverknad i planarbeidet, slik det er vedteke i planprogrammet. I samband med planarbeidet skal det utgriast etablering av eit klimafond for Sogn og Fjordane (jf. *Finansutvalet sak 2/17*).

Det vert tilrådd å endre vedteken framdriftsplan for Regional plan for klimaomstilling slik at planen vert lagt til offentleg ettersyn i februar/mars 2018, og med vedtak i fylkestinget i juni 2018.

Regional plan for folkehelse (2015-2025)

Planen vart vedteken i fylkestinget i 2015 (FT- sak 21/15). Handlingsprogrammet gjeld for 2015-2018. I følgje planstrategien skal planen reviderast i 2019.

Viser elles til omtale under Regional plan for kultur for eventuell integrering av Regional plan for kultur, Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og Regional plan for folkehelse.

Planlagt oppstart for revisjon av planen i Regional planstrategi er 2019.

Strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling

Strategiarbeidet er i samsvar med vedteken framdriftsplan for senterstruktur og tettstadsutvikling (PU-sak 3/16), jf. fig. 6. Arbeidsopplegg og mål for arbeidet vart drøfta i planutvalet i januar 2017 (PU- sak 1/17). Det er gjennomført ei «plansmie» med planutvalet og leiinga i regionråda i juni 2017. Føremålet med plansmia var å få innspel til strategiarbeidet, sikre politisk forankring, og koordinering med regionane sine utfordringar. Regionråda og kommunane har òg vore involverte i strategiarbeidet. Arbeidet med utforming av strategiar pågår no.

Aktivitet	Okt-des 2016	Jan-mars 2017	April-juni 2017	Juli-sept 2017	Okt-des 2017	Jan-mars 2018
Arbeidsdokument for strategien	PLAN 23. Nov.					
Utforming av eit „arbeidsprogram“						
Utforming av strategigrunnlag		PLAN 25. januar				
Gjennomføre utgreiingar og arrangere plansmie						
Utvikle framlegg til strategiar						
Strategi på høyring					FU 22. november	
Vedtak av strategi						FT i april

Fig. 6. Framdriftsplan for Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling.

Føremålet med strategiarbeidet er gitt i (PU-sak 1/17);

Samfunnsmål:

- *Strategi for senter og tettstadsutvikling skal gje Sogn og Fjordane sterke BAS-regionar, med meir attraktive tettstader som utfyller og styrker kvarandre.*

Effektmål (strategien skal):

- Legge til rette og bidra til ein struktur og arbeidsdeling mellom byar og store og små tettstader i fylket som sikrar framtidige samhandlings- og vekstområder.
- Legge til rette for lokalisering av offentlege tenester, næring og handel i strukturen
- skape føreseieleg grunnlag for private og offentlege investeringar
- legge grunnlag for å utvikle tenester tilpassa befolkningsgrunnlaget
- gi kriterium for utvikling av attraktive tettstader.
- Legge til rette for BAS-område i område rundt framtidsnæringer og næringar med høgt vekstpotensiale
- Lukkast med god by- og tettstadutvikling i eit miljø- og klimaperspektiv.

Fig. 7. Mål for arbeidet er gitt i arbeidsdokument til planutvalet 23.11.2016.

Strategiarbeidet er i samsvar med føringar i Regional planstrategi.

Regional plan for verdiskaping (2014-2025)

Planen vart vedteken i fylkestinget i juni 2014 (sak 8/14), og den fire-årige handlingsplanen i desember 2014. Det vert elles vist til FU-sak 32/17 når det gjeld årsplanen til verdiskapingsplanen.

Ved ein feil er ikkje verdiskapingsplanen vist som prioritert planarbeid i Regional planstrategi punkt 4.2 i perioden 2016-2020. I evalueringa av gjeldande planar og strategiar, vedlegg til Regional planstrategi, står det «Verdiskapingsplanen er framleis relevant, oppdatert og treng ikkje grundig revisjon». Som tilråding står det «Verdiskapingsplanen vert vidareført i perioden for gjeldande plan og revidert i 2018».

Planlagt oppstart for revisjon av Regional plan for verdiskaping er 2018. Planen er blant dei prioriterte planarbeida, og er innlemma i den reviderte oversikta over prioriterte planarbeid.

Regional planstrategi

Regional planmynde skal seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide Regional planstrategi, jf. Plan- og bygningslova §7-1. Oppstart og korleis dette arbeidet skal organiserast er ikkje drøfta i saka eller vist i oversikta.

4. Konklusjon

Slik fylkesrådmannen vurderer det har ambisjonsnivået når det gjeld tal planar som skulle utarbeidast og reviderast i perioden er noko høgt. For nokre av planane er/har ambisjonsnivået i tillegg vore for omfattande når det gjeld kunnskapsgrunnlaget til planen og innhald (omfang)

av planen. Mange/fleire parallelle planprosessar samtidig har òg medført at ein ikkje har klart å ivareta framdrifta i nokre av planarbeida.

Det er òg ei problemstilling knytt til det totale talet planar, og omfang av dei regionale planane sett opp muligheita til å følgje opp og gjennomføre planane. I prosessen ved utarbeiding av ny regional planstrategi bør det gjerast ei samla gjennomgang av tal planar, og ei nærmare vurdering for å sjå på samordning og muligheita til å redusere dette.

Figur 8 viser framlegg til revidert oversikt over planarbeid. Endringar som er føreslegne går fram av tilrådinga til vedtak frå fylkesrådmannen.

Plan	2016	2017	2018	2019	2020
Nye planar:					
Regional strategisk plan for kysten	Green	Green	Red		
Regional plan for arealbruk			Yellow	Green	Green
Regional plan for kultur		Green	Green		
Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling		Light Green	Light Green	Light Green	
Revidering/rulling av eksisterande planar:					
Regional transportplan	Green	Green			
Regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv			Green	Green	
Regional plan for vassforvaltning	Green	Green	Green	Green	Green
Regional plan for klimaomstilling	Green	Green	Red		
Regional plan for folkehelse				Green	Green
Regional plan for verdiskapingsplan			Light Green	Light Green	

Fig. 8. Samla oversikt over prioriterte planarbeid 2016–2020. Raud markering: forlenging av planperiode. Gul markering: utsetjing av oppstart av planarbeidet. Lys grøn markering: innlemma i oversikta.